Ti landbrukspolitiske utfordringar for Stortingsperioden 2009-2013

Norges Bondelag ønskjer å setje mat og landbrukspolitikk på den politiske dagsorden før valet i september. Situasjon i dag er prega av økonomisk krise, aukande uro kring den langsiktige tilgongen til fossil energi og global mat-tryggleik. Dette, saman med store utfordringar knytt til klimaendring, krev langsiktige, bærekraftige løysingar. Vi meiner norsk landbruk er ein viktig del av den framtidige løysninga. Det norske samfunn er avhengig av å ta vare på verdikjeda frå jord til bord for å sikre framtidig matforsyning, sysselsetting, verdiskaping og busetting over heile landet.

Alle parti på Stortinget har ved partileiar fått brev med spørsmåla under. Norges Bondelag ønskjer å kome med framlegg til svar på desse spørsmåla. Slik kan vi saman skape best mogleg politikk, til beste for landet.

1 Vil ditt parti støtte prinsippet om "alle land har rett til eigen matproduksjon"?

I det 21. århundre må verdas matproduksjon doblast for å sikre tilstrekkeleg mat til nær 10 mrd. menneskje. Verdssamfunnet må setje økt matproduksjon i fokus og gjennom dette bidra til ein positiv utvikling i u-landa. For å oppnå dette må alle land kunne ha eit tollvern tilpassa dei naturgjevne føreset-nadene for produksjon og fri tilgang til å bruke støtte- og marknadsordningar for mat produsert til eige forbruk.

***Mitt parti vil**: Støtte prinsippet om at "alle land har rett til eigen matproduksjon".*

Nynorsk
Foto: Cesilie Asp

NORGES BONDELAG

2 Vil ditt parti utnytte moglegheitene i tollvernet slik at jordbruk og næringsmiddelindustri får best mogleg grunnlag for å utvikle jordbruksbasert verdiskaping i Noreg?

Bønder og tilhøyrande næringsmiddelindustri sysselset direkte over 100 000 personar på gardar og verksemder spreidd i heile Noreg. For dei komande to tiår er det anslått at Noreg vil trenge om lag 20 % meir mat. Dette er relativt konjunkturuavhengige arbeidsplassar som er viktige for infrastruktur og lokalsamfunn over heile landet.

***Mitt parti vil**: Bruke tollvernet på ein effektiv måte for å vidareutvikle norsk jordbruk og næringsmiddelindustri.*

3 Vil ditt parti vidareutvikle eit variert jordbruk over heile landet ved å ta vare på struktur- og distriktsprofilen i jordbrukstøtta?

Noreg er eit land med store avstandar og svært varierande produksjonstilhøve, frå Lista i sør til verdas nordligaste jordbruk i Finnmark. Skal vi ta vare på dei kvalitetane dette representerer – i form av matproduksjon, kulturlandskap, biologisk mangfald og busetting, er det trong for ein landbrukspolitikk som tar landet sine geografiske og klimatiske variasjonar på alvor. I tillegg må rovdyr- og vernepolitikk tilpassast dei lokale utfordringane, slik at småfehald og aktivt landbruk kan vidareførast.

***Mitt parti vil**: At landbrukspolitikken skal sikre eit variert jordbruk med produksjon over heile landet.*

4 Vil ditt parti oppretthalde ordninga med årlege jordbruksforhandlingar?

Staten og jordbruket har forhandla om korleis prisar og tiltak skal utformast kvart år sidan hovudavtalen mellom staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag vart inngått i 1950. Dette har skapt ein effektiv jordbrukspolitikk som har levert aukande mengd trygg kvalitetsmat til det norske samfunn i heile etterkrigstida. Overføringane medverkar til positive ringverknader for heile samfunnet, rimelegare mat og meir stabile matprisar. Systemet har sikra både forbrukar og bonde.

***Mitt parti vil**: Vidareføre årlege jordbruksforhandlingar.*

5 Vil ditt parti redusere inntektsgapet mellom bønder og andre grupper vesentleg?

Bønder må i dag jobbe vesentleg meir enn lønnsmottakarar for å oppnå same inntekt. I dag tener bonden i gjennomsnitt ca 200 000 kroner per årsverk - omlag halvparten av andre grupper. Dette til tross for at effektivitetsutviklinga i jordbruket har vore vesentleg større enn for dei fleste andre næringar. Arbeidseffektiviteten i jordbruket har økt med 4,1 % kvart år dei siste 10 åra.

***Mitt parti vil**: Medverke til å redusere inntektsgapet vesentleg mellom bønder og andre grupper.*

6 Vil ditt parti vidareføre eit effektivt pris- og marknadsreguleringssystem for å sikre like produksjons- og inntektsmoglegheiter for eit landbruk over heile landet?

Ein føresetnad for produksjon over heile landet er at bonden får god pris og sikker avsetning uavhengig av marknadsavstand og produksjonsstorleik. Dette gjev og lik pris til forbrukar anten det handlast i Berlevåg eller Bergen. Slike ordningar er i dag ivaretatt gjennom marknadsregulering for dei fleste produkt gjennom bonden sine eigne samvirkeorganisasjonar. Samstundes har staten og jordbruket gjennom jordbruksforhandlingane årlege diskusjonar om prisnivå samt reguleringar for å klare å ta ut desse prisane.

***Mitt parti vil**: Legge til rette for effektive pris- og reguleringssystem for å sikre likskap mellom bønder, og rettferd mellom bonde og butikk.*

7 Vil ditt parti auke investeringsramma og avskrivingane for jordbruket som ein del av motkonjunkturpolitikken?

Norsk jordbruk har eit stort etterslep investeringsmessig. Dette som fylgje av at mange fjøs frå 1970-tallet, no treng fornying. Nye dyrehaldforskrifter og teknologisk utvikling fordrar nybygg og/eller omfattande restaurering for gardsbruk som vil være med i framtida. På norske garder ligg eit stort potensiale for rask sysselsetting i bygg- og anleggsnæringa dersom det vert gitt gunstig finansiering.

***Mitt parti vil**: Auke investeringsramma og avskrivingssatsane for investeringar i jordbruket.*

8 Vil ditt parti legge til rette for anna økonomisk aktivitet knytt til jordbruket?

Jordbruket er ein mangfaldig næring som medverkar effektivt i samfunnet på ein rekkje områder. Dette krev eit godt tilpassa regelverk og forståing for jordbruket sine rammevilkår. Det må tilretteleggast for å kunne nytte moglegheitene som ligg i småskala matproduksjon, økologiske driftsformer, fornybar energi, reiseliv, grøn omsorg osv.

***Mitt parti vil**: Legge til rette for auka verdiskaping i landbruket gjennom gode ordningar, regelverk og tiltak for aktuelle tilleggsnæringar.*

9 Vil ditt parti oppretthalde regelverket for odel, konsesjon og bu- og driveplikt?

Norsk gardar er i all hovudsak eigd og drive av familien. Ein deregulering, der dei mest kapitalsterke kan kjøpe opp norske gardsbruk, vil gjere det vanskelegare for aktive, sjølveigande bønder å drive jord, skog og utmark i Noreg. Dagens lovverk trygger den langsiktige og personlege eigarskapen.

***Mitt parti vil**: Vidareføre regelverket for odel, konsesjon og bu- og driveplikt*

10 Vil ditt parti handheve eit langt strengare jordvern for å redusere nedbygging av matjord?

Berre tre prosent av areal i Noreg er dyrka mark. I dag er nedbyggingstakten svært høg. Matjord tek århundrer å skape, men kort tid å bygge ned. Skal vi ta vare på vår evne til å produsere mat i framtida må synet på dyrka mark endrast.

***Mitt parti vil**: Handheve eit langt strengare jordvern.*

Norges Bondelag, Pb 9534 Grønland, 0135 Oslo
bondelaget@bondelaget.no
www.bondelaget.no

Februar 2009
ISBN 978-82-7712-072-0
Opplag 6000